



## NYTT frå Stad 2020 / desember 2018

tilsette i Eid og Selje

### OMSTILLINGSPROSJEKTET

ORGANISASJONS- OG LEIARSTRUKTUR I STAD KOMMUNE

#### Status for fase 2

#### Oktober-desember 2018. Innplassering kommunalsjefar, stabtleiarar og einingsleiarar

Vi er no inne i slutfasen av fase 2 i omstillingsprosjektet. Arbeidet i fase 2 starta opp umiddelbart etter at overordna organisasjons- og leiarstruktur vart vedteken 01.10.2018.

- Rådmannen innplasserte kommunalsjefar og stabtleiarar etter planen 2.11.2018. Kommunalsjefane og stabtleiarane for Stad kommune er no ein del av styringsgruppa for Stad 2020-prosjektet.
- Utvalsområde for einingsleiarar vart deretter definert og prosedyre for å gjennomføre innplassering av einingsleiarar vart drøfta med tillitsvalde. Dei nye kommunalsjefane har fått ansvar for å gjennomføre innplassering av einingsleiarar innan utgangen av 2018.

#### Status for innplassering av einingsleiarar

Følgjande einingsleiarar er pr 5.12.18 innplasserte:


- Bjarte Gangeskar - barnevern
- Linda Gotteberg - helse
- Geir Petter Hatlenes - brann
- Kristian Nave - plan og utvikling
- Ingrid Stave - lokal samfunnsutvikling
- Geir Holmen - kultur
- Rune Engeseth - opplæring og integrering

Målet er å ferdigstille fase 2 i omstillingsprosjektet før 1.1.2019.

#### Plan for fase 3

#### Januar-mars 2019. Innplassering i einingane

Det er utarbeidd eit tillegg til prosjektplanen for omstillingsprosjektet med nye milepælar fram mot mars 2019. Det er også utarbeidd malar og verktøy for arbeidet i denne fasen. Dokumentet vart drøfta med tillitsvalde 5.12.2018 og 7.12.2018 og endeleg vedteke 7.12.2018.



Målet for omstillingsprosjektet - er å organisere nye avdelingar, tilsetje og innplassere tilsette i stad kommune. Tilsette skal oppleve at det har vore gjennomført ein god og ryddig prosess for å organisere nye avdelingar, tilsetje og innplassere tilsette i stad kommune.

Fase 3 består av fleire deloppgåver som både dei eksisterande kommunane Eid og Selje og den nye organisasjonen Stad kommune må arbeide saman om.

I samband med budsjettprosessane i Selje og Eid kommunar er det etablert eit samordningsprosjekt som eit tiltak for å få årsbudsjetta i begge kommunar i balanse. Omstillingsprosjektet skal verke saman med og parallelt med samordningsprosjektet i 2019.

**I fase 3 skal Selje og Eid kommunar gjennomføre ei kartlegging av stillingar i begge organisasjonar. Vidare skal den nye organisasjonen Stad kommune utarbeide kompetanseanalyse, bemanningsplanar og innplasseringsplanar for einingane.**

## 1. Kartlegging

Eid og Selje kommunar skal tidleg i 2019 gjennomføre ei kartlegging av eventuelle stillingsendringar i begge kommunar.

Kartlegginga skal gjennomførast av alle avdelingar/tenesteområde og skal gje oversyn over avgangar til AFP, pensjon, permisjonar og ev. andre endringar. Føremålet med kartlegginga er å:

- avklare om der er ledige stillingar som er aktuelle «som anna passende arbeid»
- avklare i kva grad det er behov for å lyse ut faste stillingar og vikariat i 2019
- vurdere tidleg samordning av leing og oppgåver mellom kommunane
- vurdere kva som er det framtidige kompetansebehovet i kommunane

Kartlegginga erstattar den årlege fristen 1. februar om å melde stillingsendring i skule og barnehage.

Informasjon om kartlegginga vart sendt ut til alle avdelingar og tenesteområde i både Eid og Selje 12.12.2018.

Kartlegginga vert gjennomført i perioden 13.12.2018 – 4.1.2019. Det er utarbeidd skjema for kartlegging av stilling som skal nyttast i arbeidet.

Leiarar og kommunalsjefar i både Eid og Selje kommunar skal samanstill resultat av kartlegginga og vurdere behov for utlysningar innan 15.1.2019.


Plasstillitsvalde i avdelingane/tenesteområda skal få uttale seg om behov for utlysningar.

## 2. Kompetanseanalyse og bemanningsplanar

For å analysere framtidig kompetansebehov i Stad kommune er det utarbeidd ein mal for kompetanseanalyse. Dette er også eit hjelpemiddel for å få oversyn over kvar kommunen eventuelt har eit kompetanseavvik. Både kartlegginga av stillingar og kompetanseanalysen vil seinare inngå i grunnlaget for å å lage ein overordna rekrutterings- og kompetanseplan for Stad kommune.

Alle einingsleiarar i Stad kommune skal også utarbeide bemanningsplanar for sine einingar. Ein bemanningsplan er ein plan for kva kompetanse og årsverk eininga treng for å løyse oppgåvene sine. Bemanningsplanen er eit utgangspunkt for å kunne innplassere tilsette i einingane.

Einingsleiarar i Stad kommune skal lage kompetanseanalyse og bemanningsplanar for sine einingar innan 15.1.18. Meir informasjon om dette vert sendt ut i januar 2019.





### 3. Innplasseringsplanar

#### Stabsområda og nye einingar

Når bemanningsplanane er klare skal einingsleiarane i stabsområda (økonomi, strategi og samordning, personal og kommunikasjon) og dei nye einingane (barnevern, helse, kultur, opplæring og integrering, eigedom, kommunalteknikk, plan- og utvikling, brann, lokal samfunnsutvikling og arbeid og velferd) utarbeide innplasseringsplanar.

**Framlegg til innplasseringsplanar i stabsområda og einingane skal vere ferdige innan 8.2.2019. Dei tilsette skal få høve til å uttale seg om innplasseringa før den vert endeleg vedteken. Dei tilsette har frist 21.2.2019 for å kome med innspel og merknader.**

#### Skule, barnehage, Hogatunet og Seljetunet

Med utgangspunkt i bemanningsplanane skal også einingsleiarane i skule, barnehage, Seljetunet og Hogatunet analysere kompetansebehovet og lage innplasseringsplanar for tilsette.

Ein skal så langt som mogleg følgje vanlege prosedyrar for utlysning og tilsetjing i skule og barnehage i 2019, men det er særleg viktig at ein vurderer grundig om ein kan unngå å lyse ut eller om stillingane kan vere vakante ein periode. Ein må også vurdere om det er interne kandidatar som kan vurderast for ledige stillingar før ein lyser ut eksternt.

Innplasseringsplanane i skule, barnehage, Seljetunet og Hogatunet skal også vere ferdige innan 8.2.2019.

Innan 8.2.2019 skal også tydeleg oversyn over stillingar som skal lysast ut i skule og barnehage vere klar. Ledige stillingar i skule/barnehage må lysast ut rundt 10.2.2019.

Ein tek sikte på å drøfte innplassering av tilsette i stabområda og i einingane i møte 25.2.2019, 6.3.2019 eller 25.3.2019.

### Organisering av heimetenester og bu- og miljøtenester

I omstillingsprosjektet har ein hittil lagt til grunn at heimetenester og bu- og miljøtenester ikkje er omfatta av omstillingsprosjektet og at desse ikkje får endra organisasjonsstruktur før etter 2020.

På bakgrunn av dei økonomiske utfordringane i kommunane er det no bestemt at ein må sette i gang eit arbeid for å vurdere korleis ein kan organisere heimetenestene og bu- og miljøtenestene i Stad kommune. I den samanheng er det også nødvendig å avklare korleis omsorgsenteret og heimetenester på Bryggja skal organiserast i den nye kommunen. Det vil så snart som mogleg bli etablert eit delprosjekt for å avklare denne organiseringa.

Det er viktig at heimetenester og bu- og miljøtenester gjennomfører ei kartlegging av stillingar som skissert. Noverande leiarar i heimetenestene og bu- og miljøtenestene skal også utarbeide kompetanseanalyse og sette opp bemanningsplanar for tenestene slik dei er per no i begge kommunar. Desse kartleggingane og analysane må vidare inngå i arbeidet med å organisere desse tenestene, saman med anna relevant grunnlagsmateriale.

Ein vil kome tilbake til nærare frist for å utarbeide innplasseringsplanar for heimeteneste og bu- og miljøteneste når framdriftsplanen for dette prosjektet er avklart.



## Omstillingsutvalet

Omstillingsutvalet er arbeidsgruppe for omstillingsprosjektet. Utvalet kan utvidast med fleire personar dersom det er føremålstenleg ut frå dei sakene som omstillingsutvalet har på sakslista. Dei fire tillitsvalde i omstillingsutvalet er formelle drøftingspartar i omstillingsprosjektet før ein startar prosessar og før ein tek avgjerder.

### Omstillingsutvalet skal:

- ivareta nødvendig samordning i omstillinga mellom dei Eid og Selje kommunar og den nye organisasjonen Stad kommune i 2019
- skaffe oversyn over vakante og mellombelse stillingar i Selje og Eid kommunar som kan nyttast som anna passende arbeid
- handsame alle ledige stillingar i begge kommunane før utlysning.
- vurdere om stillingane skal lysast ut internt i dei to kommunane eller eksternt og innstille til rådmannen i den kommunen som har eller får ei ledig stilling
- medverke til å få på plass bemanningsplanar og innplasseringsplanar for Stad kommune
- medverke til å legge til rette for tidleg samordning og samarbeid på dei områda der det er mogleg og føremålstenleg

**Omstillingsutvalet** vart utnemnt 1.4.2018 og er samansett av HTV Utdanningsforbundet Eid Mirjam Bruvoll, HTV Fagforbundet Eid Barbro Os-Noste, HTV Delta Selje Laila Sjøstad, HTV Fagforbundet Selje Sissel Solheim, kommunalsjef Ragna Haaland, kommunalsjef Elin Leikanger, personalrådgjevar Margunn Myklebost og organisasjonssjef Ingunn Rotihaug.



*Med venleg helsing*

Åslaug Krogsæter  
Programleiar Stad 2020

Ingunn Rotihaug  
Prosjektleiar omstillingsprosjektet

## Framdrift fase 3

Skissert tidsplan for prosess fram mot 1.4 2019.

12.12 Brev og skjema om kartlegging av stillingsendringar vert sendt ut i begge kommunar.

4.1  
7.1  
15.1

**JANUAR 2019**

**Tilsette har frist for å levere kartlegging av stilling**  
Omstillingsutvalet - arbeidsmøte  
Leiarar i Selje og Eid leverer  
- Oppsummering frå kartlegging av stillingar  
- Vurdering av behov for utlysning 2019 i Eid og Selje

15.1

Alle einingsleiarar leverer  
- Kompetanseanalyser  
- Utkast til bemanningsplanar  
- Oversyn over ev. dublettar av fagleiarstillingar og arbeidsleiarstillingar og kven som ev inngår i desse utvalsområda

8.2

**FEBRUAR 2019**

Leiarar for stab, barnevern, helse, plan og utvikling, eigedom, kommunalteknikk, brann, samfunnsutvikling, kultur, opplæring og integrering, arbeid og velferd:  
- Innplasseringsplanar  
- Innstillingar  
- innplassering av fagleiarar og arbeidsleiarar

Leiarar i skule, barnehage, Hogatunet, Seljetunet, KAD/ØHD leverer  
- Innplasseringsplanar  
Leiarar i skule og barnehage må ha klart  
- Kva stillingar som skal lysast ut i skule og barnehage

11.2

Omstillingsutvalet - arbeidsmøte  
Drøftingsmøte med tillitsvalde

12.2

**Framlegg til innplassering i stab, barnevern, helse, plan og utvikling, eigedom, kommunalteknikk, brann, samfunnsutvikling, kultur, opplæring og integrering, arbeid og velferd er sendt til tilsette for ev. skriftleg merknad**  
Ledige stillingar i skule og barnehage må vere lyste ut

21.2

**Tilsette har frist for å gi skriftleg merknad på innplasseringsplan**

25.2

Omstillingsutvalet - arbeidsmøte  
Drøftingsmøte med tillitsvalde - Innplassering i stabsområda

6.3

Omstillingsutvalet - arbeidsmøte  
Drøftingsmøte med tillitsvalde - Innplassering i einingar

25.3


Omstillingsutvalet - arbeidsmøte ved behov  
Drøftingsmøte med tillitsvalde - Innplassering i einingar

## MARS 2019

1.4

**Bemanningsplanar er klare. Alle tilsette er innplasserte i ei eining.**

## Organisasjon Stad kommune



**Mørk blå:** Innplasserte kommunalsjefar og stabsleiarar 01.11.2018. Barnehagar, skular, Hogatunet, Seljetunet og interkommunale tenester beheld sin einingsleiarar.

**Turkis:** Einingsleiarar innplasserte 05.12.2018

**Gul:** Innplassering av einingsleiarar ikkje avklart  
**Raud:** Vert oppretta prosjekt for å avklare leiarstruktur.